

# ***Nordhordland kursregion***

*for grunnskulen*

*Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

## **Nordhordland kursregion**

### **NKR**



## **Årsmelding 2015**

# **Nordhordland kursregion**

for grunnskulen

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

## MÅLSETJING

NKR arbeider for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæringa.

Det er eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på område der kommunane kan ha nytte av å koordinera innsatsen.

Jfr vedlegg 1- Statuttar for NKR.

## INNLEIING

NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseheving innan skule-og barnehagesektoren, PPT og Vaksenopplæringa.

Ulike arbeidsområde, både kursrekker og ulike samarbeidsprosjekt, strekkjer seg gjerne over år . Døme på tema/prosjekt/samarbeid som går over tid. er:

\*Arbeid med IKT, kjøp av programvarer og implementering av program og ny kunnskap, i barnehagar og skular

\*Ungdomsskulesatsinga UiU- Ungdomstrinnet i utvikling

\*Samarbeid med Statped

\*Rettleiing av nyutdanna, nytilsette i skule og barnehage.

Mange av satsingsområda har, til dels, ei lang historie bak seg. Det er i så måte ein naturleg samanheng mellom årsmeldingane, frå eit år til eit anna.

Deler av årsmeldinga til NKR må derfor sjåast i samanheng dei føregåande årsmeldingane.

## STYRET

Styrevervet    Kommunalsjef Jo Bjarte Tømmerbakke, Radøy Kommune har vore leiar  
Kommunalsjef Torleiv Frotjold, Austrheim, har vore nestleiar.

|            |                     |   |
|------------|---------------------|---|
| Medlemmar: | Austrheim Kommune:  | Kommunalsjef Torleiv Frotjold   |
|            | Fedje Kommune:      | Rektor/ skulefagleg rådgjevar Ole Skoge,<br>Frå august 2015 Linda Husa            |
|            | Lindås Kommune:     | Fagsjef grunnskule Anne Wergeland<br>Frå august 2015<br>Einingsleiar Ragna Midtbø |
|            | Masfjorden Kommune: | Skulefagleg rådgjevar Alf Strand  |
|            | Meland Kommune:     | Skulefagleg rådgjevar Reidun E.<br>Johannessen                                    |
|            | Modalen Kommune:    | Rektor /skulefagleg rådgjevar<br>Jahn Olav Nordheim                               |
|            | Osterøy Kommune:    | Spesialrådgjevar Astrid Brandal<br>Øvsthus  |
|            | Radøy Kommune:      | Kommunalsjef Jo Tømmerbakke   |

Styreverksemd: Styret har hatt 8 møte og har handsama 80 saker.

## SEKRETARIATET

Oddfrid Hole har vore regionssekretær i 50% stilling.

Det er Lindås kommune om er vertskommune for regionssekretæren.

Sidan 2006 har stillinga vore knytt til personalkontoret i Lindås. Frå og med 1.oktober 2015 er stillinga lagt til Oppvekstsektoren, med kontor på Brannstasjonen, Alverflaten.

Dette inneber at jobben som regionssekretær no er kombinert med anna barnehage- og skulefagleg arbeid.

Det er lagt 10 % merkantil hjelp til stillinga.

## MÅLGRUPPER

NKR har i 2015 drive kompetanseheving for desse målgruppene:

Tilsette i grunnskulane, lærarar og leiarar

Tilsette i Vaksenopplæringa

Tilsette i barnehagane, barnehagelærarar, pedagogiske leiarar, assistentar og styrarar

Tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste, PPT

## SKULESEKTOREN



Tal pr. 1.oktober 2015 (GSI)

| Namn kommune | Tal skular | Tal lærarar | Tal assistentar | Tal årsverk * | Tal elevar |
|--------------|------------|-------------|-----------------|---------------|------------|
| Austrheim    | 2          | 47          | 12              | 55.8          | 388        |
| Fedje        | 1          | 15          | 3               | 14.7          | 73         |
| Lindås       | 12         | 230         | 76              | 242.4         | 1920       |
| Masfjorden   | 3          | 42          | 12              | 41.9          | 201        |
| Meland       | 5          | 125         | 45              | 131.9         | 1071       |
| Modalen      | 1          | 14          | 6               | 16.0          | 86         |
| Osterøy      | 6          | 104         | 26              | 108.4         | 900        |
| Radøy        | 5          | 67          | 26              | 75.1          | 634        |

\*I årsverk er tatt med leiarar, undervisningspersonell og assistentar

## GJENNOMFØRDE TILTAK 2015

Oversikt over etterutdanningskursa som har vorte gjennomførte

| Fag/område      | Vår | Haut | Tal deltakarar<br>Målgruppe | Fagleg ansvar          | Merknad |
|-----------------|-----|------|-----------------------------|------------------------|---------|
| Munnleg eksamen | 1dg |      | 42<br>Faglærarar og         | Fylkesmannen<br>og NKR |         |

|  |               |              |  |                            |  |
|--|---------------|--------------|--|----------------------------|--|
|  |               |              | sensorar   |                            |  |
| Korleis lukkast i dagleg samhandling med barn og ung   | 1dg           |              | 140 deltakarar frå skule (72) og barnehage (68)  | Fagakademiet-Terje Wårheim |  |
| <b>Fag/område</b>                                      | <b>Vår</b>    | <b>Haust</b> | <b>Tal deltakarar</b>  | <b>Fagleg ansvar</b>       | <b>Merknad</b>   |
|  |               |              | <b>Målgruppe</b>   |                            |  |
| Arbeid med og kartlegging av minoritetspråklege elevar | 1dg           |              | 30 Lærarar i grunnskulen   | Bergen kommune BEFO        | BEFO= Bergen kompetansesenter for flerkulturell opplæring Siste kursdag (2 dagar i 2014) |
| Tilbod til nyttilsette, nyutdanna lærarar              | ½ dg          | ½ dg         | 10-12 nyttilsette Nyutdanna, nyttilsette i skule. På vårsamlinga var også rettleiarane med | NLA                        | Tema: Problemretta veiledning i grupper Klasseleiing/organisering av undervisning        |
| LUIS- Kvalitetsarbeid i skulane 2014-2015              | 2 dg          |              | Rektorar, Inspektørar og avdelingsleiingar.  | Conexus                    | Siste samling 2 samanhengjande dagar   |
| Opplæring i bruk av <i>Vokal</i>                       | 2 halve dagar |              | Tilsaman 62 deltakarar   | Conexus                    | Same innhald dei to øktene   |
| Implementering av IKT-plan                             |               | 1dg          | 23 deltakarar Skuleeigarar, Skuleleiingar IKT- rettleiarar                                 | IKT-senterert              |  |

#### VIDAREUTDANNING (VU)

Hausten 2014 starta det opp tilbod om vidareutdanning i matematikk. Tilbodet har kome i stand etter ein avtale mellom NKR og NLA.

Dette er eit desentralisert tilbod, for lærarar på barnetrinnet, med studiestad på Breistein, 30 studiepoeng, over 2 skuleår.

Studiet vert avslutta våren 2016. 13 studentar frå vår region som tek del.

Matematikk er eit satsingsområde for NKR framover.



#### DKS- DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

NKR fekk også i 2015 løyvingar på kr. 50 000,- frå Fylkeskommunen.

Det har vorte løyvt midlar til eit Bildebokprogramet «Kribledagar».for 2. klasse.

Stønad er gitt til biblioteksjef i Meland kommune, Bente Bing Kleiva og forfattar Per Olav Kaldestad

## LEIAROPPLÆRIING I GRUNNSKULEN

«Kvalitetsutvikling i skulane 2014-2015», med Conexus v/ Yngve Lindvik som fagansvarleg, starta opp 2014 og vart avslutta med ei 2-dagarssamling i mars 2015.(5 dagar tilsaman)

Fagleg fokus har vore arbeid med kvalitet på skulane sine prosessar knytt til kvalitetsarbeid. Ei evaluering som vart føretatt etter at kursrekka var avslutta, viste at skuleleiarane meiner at felles leiarskulering i regionen er gjevande, både fagleg og sosialt.

## GJENNOMFØRING AV LOKALGITT MUNNLEG EKSAMEN

Lokalgitt munnleg eksamen vart avvikla for åttande gong, våren 2015, administrert av NKR. Forskrifta frå 2014 og gjennomgang av den reviderte instruksen var hovudtema i kurset som vart halde våren 2015, for faglærarar, sensorar og skuleleiarar.



## SAMARBEID STATPED OG NKR

Samarbeidet mellom STATPED og NKR har halde fram i 2015. Koordineringsgruppa har hatt 3 møte og har vore slik sett saman:

Frå NKR: Astrid Brandal Øvsthus, styremedlem  
Oddfrid Hole, regionssekretær

Frå Statped: Anne Grethe Melsbø vår 2015. Frå hausten 2015: Kristine Johannesen  
Kirsten Skram har også møtt frå Statped

Frå PPT: Solveig Elvik, Austrheim PPT

Frå barnehage Astrid Namtvedt Sylta, barnehagefagleg rådgjevar, Lindås kommune.

### Nytt i 2015:

Fylkesmannen har gitt midlar til etterutdanning for tilsette i PPT. Nettverket for PPT-kontora har utforma ein plan for bruk av desse midlane: Det er planlagt ei kursrekka over 3 dagar våren 2016, der hovudtema er «Organisasjonsutvikling og endringsarbeid»

Koordineringsgruppa har tatt del på eit møte i «*Nettverksgruppa til PPT*,»

Her informerte m.a Astrid Øvsthus om utviklingsarbeidet og etablering av ressursteam på Lonevåg skule og Astrid Sylta orienterte om korleis Lindås kommune organiserer spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og om korleis dei foreiner dette arbeidet med inkluderingsbegrepet.

Både når det gjeld etablering av ressursteam og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane er PPT-kontora viktige samarbeidspartar.

Etter at samarbeidet mellom Statped og NKR starta opp i 2009 har styret i NKR fått fleire nye medlemmar. NKR inviterte derfor Kirsten Skram frå Statped til å informera styret om Staped sitt arbeid no og framover og om det samarbeidet dei driv i regionane.

I 2015 er det gjort avtale om at OT-PPT (vidaregåande skule) skal vera med i Nordhordlands-nettverket for PPT-kontora i regionen.

Det er i 2015 starta opp eit nettverk for kurshaldarane for NMT (Norsk med teiknstøtte) Formålet er å halda ved like den kompetansen som no finst i kommunane.

Systemretta arbeid, organisasjonsutvikling og kompetanseheving på ulike plan er no fokusområde hjå PPT. Arbeid med ressursteam har vore oppe som tema på fleire av nettverksmøta, både OT/ PPT og Astrid Øvsthus (Osterøy kommune) har fortalt om korleis dette vert organisert hjå dei.

PPT-nettverket og koordineringsgruppa er ein del av kompetanse – og organisasjonsutviklinga og begge fora er ein viktig del av den utviklingsprosessen som PPT no er inne i.

#### DIALOGMØTE MED FYLKESMANNEN

I 2015 var det tredje gong fylkesmannen gjennomførte dialogmøte med NKR.

Fylkesmannen ønskjer ein arena der både skule- og barnehagesektoren er representert og der ein kan drøfta felles utfordringar, på ein uformell måte.

Det som kan nemnast frå sakene dette året, er fylkesmannen sitt arbeidet med «Busetjing av flyktningar» og korleis utdanningssektoren, i endå større grad, i samarbeid med andre sektorar, tek del i denne store utfordringa som stat og kommune no arbeider med.

Eit anna prioritert tema på møtet var «Samordna tilbod til utsette barn og unge.

#### IKT-NYE PROGRAM OG NY KUNNSKAP.

Det har vore relativt mykje fokus på innkjøp avprogramvarer og skulering for bruk av programvarer.

Å implementera bruken av programma i kommunane og på skulane tek mykje tid, noko som skulane og kommunane kjenner dei har for lite av.

Styret har hatt vitjing av fagpersonar som har informert, både om nye program og om erfaring med bruk av program, men også foredrag som har presentert og gitt oss ei innsikt i kor fort den teknologiske utviklinga går. Døme:

- |                       |   |
|-----------------------|---|
| Hypernet              | IST har presentert Hypernet- eit administrativt program for bruk i barnehage (presentert for den regionale barnehagegruppa)   |
| Sampro SL             | Representant frå Visma presenterte Sampro-modulen Sampro SL. <i>Stafettloggen</i> , for styret  |
| Visme flyt            | Rektor Magne Lædre, Sagstad skule, Meland, fortalde om sine erfaringar med å bruka Visma Flyt som tenleg verktøy for årsvurdering i barneskulen.  |
| Leing med teknologi   | Lars Persen, leiar i Scandec Systemer, held eit spennande og interessant foredrag «Leing med teknologi,» utvikling av læring og utdanning i lys av ny pedagogikk  |
| Vokal                 | Arthur Reinertsen, (tilsett i Nordhordland Utviklingsselskap IKS, har vore ein viktig samarbeidspartnar for styret i dette arbeidet.<br>På tampen av året jobbar han no med eit 3-dagars tilbod med fokus på å nytta VOKAL på måtar som bidreg til fagleg utvikling hjå elevane |
| Olav Teigen, Conexus, | har vitja styret både for å høyra om våre erfaringar med bruk av dei ulike programma og for å informera om nye program.   |

Å følgja opp, og å hengja med, i denne utviklinga er ei større og større utfordring for kommunane og skulane.

#### VAKSENOPPLÆRING

Det er starta opp eit samarbeid mellom kommunane for å utvikla eit system for realkompetansevurdering i grunnskulen. Arbeidet starta opp med eit orienteringsmøte hjå Fylkesmannen i april der kommunane var samla. Lindås kommune, som har flest elevar i denne gruppa, har fått eit hovudansvar for utvikling av systemet.

Gunn M. Aase som har vore NKR sin representant i fylkesmannen si kontaktgruppe for vaksenopplæring i Hordaland, slutta våren 2015.

Sally Solberg, Lindås kommune, er ny representant i denne gruppa.



#### UNGDOMSSTEGET- UiU

Dette er ei satsing som går over fleire år, frå 2013-2017

Med utgangspunkt i «St.meld. 22» og «Strategi for Ungdomstrinnet», starta ein i 2013 opp *UiU, Ungdomssteget i utvikling*. Dette er ei nasjonal satsing på ungdomssteget for å fremja grunnleggjande dugleikar, organisasjonsutvikling og praktisk, variert og relevant undervisning.

Alle kommunane i NKR, med to unntak, har no starta opp med UiU- Skulebasert kompetanseutvikling og dei to første puljene har avslutta denne delen av satsinga

I samarbeid med Utviklingsretteleiarane i regionen har NKR dette året utvikla dokumentet «*Strategi for arbeid med lærande nettverk på skular med ungdomssteg*» Tilbodet «Lærande nettverk» vert starta opp januar 2016. Dette er eit tilbod for alle skulane, uansett kvar dei er i løpet for *den skulebasert kompetanseutviklinga*.

#### RETTLEIING AV NYUTDANNA LÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARAR

Samarbeidet mellom NKR og NLA har halde fram.

Sidan nyttilsette, nyutdanna som oftast startar opp i august, går plan for dette tilbodet frå NLA frå august til august.

Halvdags-samlinga våren 2015 var såleis ei oppfølging av haustsamlinga 2015.

Det vart laga ein ny plan for skuleåret 2015/2016, med to halvdagssamlingar, ei hausten 2015 og ei samling våren 2016, då sjølvstøtt for nye deltakarar.

Rettleiarane var med på vårsamlinga, men ikkje haustsamlinga

## BARNEHAGESEKTOREN



Styret, ved nestleiar Torleiv Frotjold, saman med barnehagerepresentantar frå dei 8 kommunane og regionssekretær, utgjer arbeidsgruppa for kompetanseheving i barnehagane. Gruppa har hatt 6 møte og har handsama 66 saker. Frå hausten 2014 har møteleiinga gått på omgang mellom kommunane. I 2015 har det vore Lindås kommune v/Astrid Namtvedt Sylta som har vore møteleiar.

NKR sitt fokus på barnehage har auka dei seinaste åra og gruppa sin trong for også å ha barnehagefagleg representasjon i styret har vorte meir naudsynt. Dei barnehagefaglege rådgjevarane i Lindås, Meland og Osterøy får no invitasjon til å ta del på styremøta og deler denne oppgåva seg i mellom. Dette er i samsvar med statuttane.

Barnehage er også kvart år med i dialogen NKR har med Fylkesmannen ein gong pr.år. Aktuelle tema dette året var m.a.endringane i barnehagelova og den nye forskrifta for likeverdig handsaming.

Den regionale arbeidsgruppa fungerer ikkje berre som eit forum for felles kompetanseutvikling, men er like mykje som ein arena der felles utfordringar på andre område vert drøfta.

### OVERSIKT OVER KOMMUNANE

| Namn kommune | Tal barnehagar | Tal tilsette | * Tal årsverk | Tal born |
|--------------|----------------|--------------|---------------|----------|
| Austrheim    | 2              | 61           | 49.8          | 160      |
| Fedje (-14)  | 1              | 8            | 6.4           | 21       |
| Lindås       | 16             | 257          | 218.4         | 925      |
| Masfjorden   | 3              | 33           | 27.8          | 90       |
| Meland       | 9              | 163          | 154           | 603      |
| Modalen      | 1              | 11           | 7.7           | 21       |
| Osterøy      | 8              | 99           | 92.90         | 418      |
| Radøy        | 4              | 93           | 73.38         | 245      |

\*I årsverk er tatt med styrarar, pedagogisk personell og assistentar

Regionen har i 2015 hatt følgjande fokusområde:

- a) Etterutdanning for styrarar og pedleiarar
- b) Felles utfordringar knytt til kommunal barnehagedrift



## GJENNOMFØRDE TILTAK 2015

Oversikt over etterutdanningskurser som har vorte gjennomførte

| <b>Fag/område</b>   | <b>vår</b> | <b>haust</b> | <b>Deltakarar/<br/>målgr.</b>  | <b>Fagleg ansvar</b>           |
|---|------------|--------------|--|--------------------------------|
| Samling for superbrukarar-<br>Puls barnehage.               | 1dg        |              | 10 deltakarar  | Conexus                        |
| «Kvalitetsarbeid og<br>endringsleiing i<br>barnehagane»     | 2dg        | 2dg          | 191 deltakarar<br>Styrarar og pedleiarar   | Conexus                        |
| Tilbod til nytilsette,<br>nyutdanna barnehagelærarar        | ½ dg       | ½ dg         | 15/25<br>Nyttilsette, nyutdanna<br>barnehagelærarar.<br>På vårsamlinga var<br>rettleiarane med | NLA                            |
| Korleis lukkast i dagleg<br>samhandling med barn og<br>unge | 1dg        |              | 140 deltakarar frå skule<br>og barnehage, 68 frå bhg   | Fagakademiet-<br>Terje Wårheim |

### TILSYN

Arbeid med tilsyn har vorte gjennomført etter dei ulike kommunane sine planar for dette arbeidet. Kommunane har hjelpt kvarandre med eksterne tilsynsrepresentantar. Det har elles ikkje vore spesielt fokus på tilsyn i arbeidet i den regionale barnehagegruppa

### GLØD

Sylvi Ann Hanstvedt er NKR sin representant i fylkesmannen si gruppe som arbeider med Glød.

Målsetjinga med arbeidet er «Å styrke dei tilsette sin kompetanse for å gje alle barn eit godt og likeverdig barnehage-tilbod, å heve status for arbeid i barnehagar, å auke rekrutteringa til barnehagelærerutdanninga og behalde dei som allereie arbeider i barnehage, å auke rekrutteringa av tilsette med naudsynt kompetanse til pedagogisk arbeid i barnehage.

Arbeidsgruppa har fått informasjon om dette arbeidet på dei regionale barnehagemøta

### KURSDAGEN I NOVEMBER

Kvart år har det vore arrangert ulike dagskurs på planleggingsdagen i november. Slik vart det ikkje i 2015. NKR fekk ikkje dei forelesarane me helst ville ha, og kursdagen vart derfor utsett til februar 2016

### STIMULERINGSTILTAK – GJENNOMFØRING AV FAGPRØVE

NKR har hatt kr. 74 000,- til disposisjon i øyremerkta stimuleringsstilskot til barnehagar som legg til rette for at tilsette tek fagbrev som praksiskandidat i løpet av 2014/2015.

Det kom inn 11 søknader frå 4 ulike barnehagar.

I 2015 er det 8 av desse som har avlagt fagprøve i barne-og ungdomsarbeidarfaget.

## ETTERUTDANNING FOR STYRARAR OG PEDLEIARAR I BARNEHAGANE.

Etterutdanningsrekkja «Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagane» for både styrarar og pedagogiske leiarar har hatt to samlingar i 2015 a 2 dagar.

Det har vore påmeldt 190 deltakarar. Fagansvarlege har vore Conexus Kursrekkja vert avslutta med 2 kursdagar i 2016.

Sidan kommunane har fått avtale om å kunna brukar PULS-verktøyet gjennom heile kursrekkja, vart satsinga starta opp med ei samling for superbrukarar for å kunna følgja opp arbeidet med PULS i barnehagane.

Kommunane vil ikkje koma til å kjøpa inn programmet *Puls for barnehage*. Dette var heller ikkje ein føresetnad då kursrekkja vart starta opp.

Innhaldet i *Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagane* har, innhaldsmessig, hatt fokus på sjølve metodikken, strukturen og refleksjonen som er naudsynt for å driva kvalitetsarbeid.



## IKT-STRATEGIEN OG BARNEHAGANE I REGIONEN

Barnehagane har store utfordringar framover når det gjeld bruk av IKT i barnehagane.

Både Arthur Reinertsen, ein viktig samarbeidspartnar for styret i NKR, og Lars Person har vore i gruppa og orientert om program og drøfta IKT-utviklinga i barnehagane.

Gruppa har også fått informasjon frå IST om administrasjonsprogramet «Hypernet»

## SAMARBEIDSPARTAR

NKR har i 2015 samarbeidd med følgjande utdanningsinstitusjonar/ organisasjonar:

NLA Norsk lærarakademi

DKS Hordaland fylkeskommune - Den kulturelle skulesekken

Bergen

kommune BEFO Bergen kompetansesenter for flerkulturell opplæring,

IKT NH IKT-Nordhordland

Fagakademiet

Fylkesmannen i Hordaland

Conexus

Statped

IKT-senteret

## FØRESPURNAD FRÅ UTDANNINGSFORBUNDET

Styret i NKR har dette året fått to førespurnader frå Utdanningsforbundet sine lokallag i Nordhordland om å få ein plass i NKR sitt styre, som observatør eller medlem.

NKR er eit samarbeidsorgan, utan vedtaksmynde i mellom anna økonomiske saker, utan noko mandat i denne retninga.

Drøftingsretten med tillitsvalde ligg til eigne kommunar, her vert avgjerslene tatt. NKR si rolle er å leggje det praktiske best mogleg til rette.

Det er derfor viktig at kommunane tenkjer gjennom kva praksis dei har når det gjeld å orientera/drøfta med sin hovudtillitsvalde aktuelle saker som vert handsama i NKR. På HTV-plan mot rådmann vil det i slike saker gjerne vera naturleg å ta med kommunalsjef/skulefagleg rådgjevar på drøftingsmøte.

På grunnlag av desse refleksjonen valde styret i NKR å invitera 2 representantar frå HTV-gruppa i Nordhordland til først møte 2016, for på denne måten å oppklara/drøfta mandat og rollar, i NKR og i kommunane.

#### DELTA KING PÅ KURS/ KONFERANSAR/ UTVAL

Regionsekretær og styreleiar har tatt del på desse samlingane:

Regionssekretær Oddfrid Hole tok del i:

|                   |  |                   |
|-------------------|--|-------------------|
| 21.april          | Møte om realkompetasenvurdering i grunnskulen                              | Arr: Fylkesmannen |
| 13.oktober        | Utdanningsdirektøren si samling med fokus på arbeidet til Djupedalsutvalet |                   |
| 11.-12. november. | Barnehage –konferanse  | Arr: Statped      |

Styreleiar Jo Tømmerbakke

Utdanningsdirektøren sitt arbeidsutval for leiarane i kursregionane.

Knarvik 27.01 2016

Oddfrid Hole  
Regionssekretær

2 vedlegg  
Avrekning 2015  
Statuttar for NK

## AVREKNING 2015

**Samla utgifter** **1 339 833**

**Inntekter**

|               |    |            |
|---------------|----|------------|
| Refusjon moms | kr | 55 034,80  |
| Kursinntekter | kr | 413 400,00 |
| Refusjonar    | kr | 254 600,00 |
| Bruk av fond  | kr | 139 000,00 |

862 035

**Netto utgifter** **477 798**

**Fordeling** Fast sum 10 % av 477798 47 780

Til fordeling etter elevtal 430 018

| Kommune             | Elevtal     | Fordelings-<br>nøkkel | Beløp                | Fast Sum            | Totalt beløp for 2015 |
|---------------------|-------------|-----------------------|----------------------|---------------------|-----------------------|
| Austrheim           | 381         | 7,32 %                | kr 31 153,65         | kr 5 972,50         | 37 126                |
| Fedje               | 73          | 1,53 %                | kr 5 969,07          | kr 5 972,50         | 11 942                |
| Lindås              | 1946        | 36,30 %               | kr 159 120,74        | kr 5 972,50         | 165 093               |
| Masfjorden          | 198         | 3,87 %                | kr 16 190,09         | kr 5 972,50         | 22 163                |
| Meland              | 1047        | 19,27 %               | kr 85 611,21         | kr 5 972,50         | 91 584                |
| Osterøy             | 911         | 18,17 %               | kr 74 490,75         | kr 5 972,50         | 80 463                |
| Modalen             | 79          | 1,32 %                | kr 6 459,68          | kr 5 972,50         | 12 432                |
| Radøy               | 624         | 12,23 %               | kr 51 023,30         | kr 5 972,50         | 56 996                |
| <b>Kontrolltall</b> | <b>5259</b> | <b>100 %</b>          | <b>kr 430 018,49</b> | <b>kr 47 780,00</b> | <b>477 798</b>        |

Jorunn Kjøde Fosse  
Fagleiar rekneskap 19.01.2016

**NORDHORDLAND KURSREGION**

## **STATUTTAR FOR NORDHORDLAND KURSREGION REVIDERT OG GJELDANDE FRÅ 27.06.07**

1. Nordhordland kursregion er eit samarbeidsorgan for skule- og barnehageområdet i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.
2. Hovudmålsetjinga for kursregionen er
  - å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæringa.
  - vera eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling på skule- og barnehageområdet.

### 3. STYRET

Dei skule- og barnehageansvarlege i kommunane er styret for kursregionen. Styret har m.a. til oppgåve å utarbeida plan for verksemda.

I kommunar der ansvar for skule og barnehage er delt, kan kommunane stilla med den barnehageansvarlege i saker som vedkjem barnehage  
Om skuleansvarlege ikkje møter i styret oppnemner rådmannen person(ar) med mynde.

Berre ein frå kvar kommune har røysterett til ei kvar tid.

Styret vert konstituert med leiar og nestleiar. Leiarvervet går på omgang mellom styremedlemmane.. Funksjonstida er 3 skuleår.

Styret har høve til å setja ned ad hoc utval som arbeider med ulike oppgåver. Styret er vedtaksført når minst 50% av medlemmane er til stades.

### 4. SEKRETARIATET

Kurssekretæren er tilsett i Lindås kommune og NKR kjøper tenester hjå Lindås kommune, i samsvar med eigen avtale.

Sekretæren er utøvande organ for styret

Kurssekretær rapporterer til og førebur saker saman med styreleiar.

Kurssekretæren kan representere NKR og ta del i ulike møte innanfor NKR sine ansvarsområde, etter avtale med styreleiar.

### 5. ØKONOMI

10% av det totale kommunale tilskotet skal betalast som fast beløp frå alle kommunar. Dei resterande 90% skal reknast ut etter elevtal.

(dette punktet vil få ei endring slik at det vert i samsvar med ny finansieringsordning) (endring frå 01.01.11- Jfr vedlegg ”NY ORDNING FOR FINANSIERING AV NKR”)

### 6. ENDRING AV STATUTTAR

Endring av statuttane krev minst 5 stemmer

## Vedlegg til statuttar

### Sak 60/10 NY ORDNING FOR FINANSIERING AV NKR

#### **Rutinar knytt til ny ordning for finansiering av NKR sine kurstilbod, Vedtatt i 1.oktober 2010 Gjeldande frå 01.01.2011**

1. Fordelingsnøkkelen som er nytta i budsjettet for 2011 er rekna ut frå GSI-tala 1.oktober 2009  
Når refusjonskrav vert sendt ut vår og haust 2011 vil summane verta justerte etter GSI-tala 1.oktober 2010
2. Refusjonskravet skal fordelast mellom skule og barnehage etter følgjande fordelingsnøkkel :

|           |      |
|-----------|------|
| Skule:    | 60 % |
| Barnehage | 40 % |

Kommunane kan justera fordeling i høve til aktiviteten som er drive føregåande år.
3. Det vert sett opp budsjett for kvart kurs/kursrekke som det vert gitt tilbod om.  
Summen for dei einskilde kurstilboda vil variera. Minstesum for ein plass er. Kr. 400,-
4. NKR sender rekningane til kommunane i samsvar med tal deltakarar.
5. NKR sender krav for alle som er påmelde når fristen går ut.  
Avmelding skal skje ei veke før kursstart. Skulane føretek avmelding sjølv, via kursbasen. Viss ikkje avmelding er føretatt vert det sendt krav om betaling.
6. Kursrekker som er sett i gang i 2010 og som held fram i 2011 vert gjennomført etter gamal ordning. Dette gjeld ikkje LUIB. Her må kommunane betala heile kostnaden.